



Møtebok  
for  
Utval for levekår

**Møtedato:** 03.06.2014

**Møtestad:** Kantina

**Møtetid:** 16:00

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Kåre Skibenes	KRF	Utvalseleiar
Elna H Bjørndal	H	Nestleiar
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Mabel Johansen	H
Ørjan Kristiansen	FrP

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
22/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
23/2014	Godkjenning av møtebok
24/2014	Referatsaker
24/2014.1	Alkoholsal til mindreårige
24/2014.2	Referat møte i Helseutvalet 25.april 2014
24/2014.3	Ref.politirådet
25/2014	Revidering av vedtekter for Meland ungdomsråd 2014
26/2014	Oppstart Frivilligmelding
27/2014	Oppstart kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021
28/2014	Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014-2017
29/2014	Høyring om ny rammeplan for kulturskulen
30/2014	Kulturmidlar 2014
31/2014	Aktuelle saker

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	14/1896

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
22/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Utval for levekår - 22/2014

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	14/1896

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
23/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 01.04.2014

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

### Utval for levekår - 23/2014

### ULK - behandling:

### ULK - vedtak:

Møtebok vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	14/1896

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
24/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
24/2014.1	Alkoholsal til mindreårige
24/2014.2	Referat møte i Helseutvalet 25.april 2014
24/2014.3	Ref.politirådet

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

### Utval for levekår - 24/2014

#### ULK - behandling:

RS 24/2014.1: Utvalet viser til sak om alkoholsal til mindreårige. Utvalet ønskjer orientering om status interkommunal kontrollfunksjon.

RS 24/2014.3: Utvalet ønskjer orientering i neste møte om status i sak 4 i politirådet 23.05.2014. Dette gjeld særskild lokal oppfølging av aktuelle ungdomar.

#### ULK - vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U63, TI - &58	14/1928

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2014.1	Utval for levekår	RS	03.06.2014

**Alkoholsal til mindreårige**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

**Utval for levekår - 24/2014.1**

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tord Moltumyr	HistSak - 12/348, FA - G20, TI - &85	14/771

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2014.2	Utval for levekår	RS	03.06.2014

**Referat møte i Helseutvalet 25.april 2014**

**Vedlegg:**

Protokoll HU\_ 25.04.2014

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

**Utval for levekår - 24/2014.2**

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tord Moltumyr	FE - 026	14/713

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2014.3	Utval for levekår	RS	03.06.2014

**Ref.politirådet**

**Vedlegg:**

Politirådet 23 05 14

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

**Utval for levekår - 24/2014.3**

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C10	14/2477

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
25/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014
44/2014	Kommunestyret	PS	18.06.2014

## Revidering av vedtekter for Meland ungdomsråd 2014

### Vedlegg:

Retningslinjer for Ungdomsrådet i Meland kommune - revidering juni 2014

Endring av retningslinjer for ungdomsråd 2004

Framlegg til endringar i retningslinjer for ungdomsrådet i Meland 2012

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Retningslinjene for Ungdomsrådet i Meland blei vedtatt av kommunestyret 04.09.2002, sak nr. 077/02, med revidering vedtatt av kommunestyret 31.03.2004, sak nr. 032/04.

Tenesteområde kultur har fått ansvaret for ungdomsrådet framover, og ønskjer ei revidering av retningslinjene. Ungdomsrådet er for tida ikkje verksamt, og det er naudsynt med ein innsats for å få eit fungerande ungdomsråd i kommunen.

#### Vurdering

Meland kommune er ein av få kommunar i Hordaland utan fungerande ungdomsråd. I ein vekstkommune med nær 30 % av innbyggjarane under 18 år, er eit slikt råd svært viktig for gode oppvekstvilkår og god folkehelse for dei yngste i samfunnet. Tenesteområde kultur har konsultert med Meland sin kompetanserepresentant for ungdomsråd i Ungdommens fylkesting og ungdommar frå elevråda på ungdomsskulane i kommunen. Ungdommane viser eit ønskje om å ha eit godt ungdomsråd.

Retningslinjene slik dei er i dag blei vedtatt i 2002, og revidert i 2004. 2004-revideringa blei varsla i dei opphavlege retningslinjene, men det blei ikkje tatt inn nye punkt om framtidig revidering. Den 31.10.2012 vedtok ungdomsrådet å få fleire representantar frå ungdomsskulane og å betre rekrutteringa frå vidaregåande skule. No står retningslinjene fram som modne for ny revidering. Hovudpunkt i reviderte retningslinjer 2014 er å auka snittalderen i rådet, få med fleire frå vidaregåande skule og gjere valordningar og retningslinjer lettare å bruke for ungdomsrådet og elevråda i kommunen. Rådsarbeidet skal bli engasjerande, meningsfullt og lettforståeleg, med god medverknad og opplæring for ungdom i saker som gjeld dei. Rådet skal etter kvart komme på eit nivå der representantane engasjerer seg og fører vidare den kunnskapen dei har fått til nye representantar, slik at rådet driv seg sjølv vidare. Val på nytt ungdomsråd er planlagt til september

2014.

### **Konklusjon**

Med reviderte og oppdaterte retningsliner står ungdomsrådet betre rusta for framtida, og kan bli svært viktig for korleis ein kan vere med å skape gode oppvekstvilkår i Meland.

### **Framlegg til vedtak:**

Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland – revidering juni 2014 blir godkjent slik dei ligg ved denne saka.

### **Utval for levekår - 25/2014**

#### **ULK - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak i møtet frå Kåre Skibenes (Krf):**

Utval for levekår godkjenner Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland - revidert 2014. Punkt 5.2, 2.avsnitt vert justert jamfør drøfting i møte.

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår godkjenner Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland - revidert 2014. Punkt 5.2, 2.avsnitt vert justert jamfør drøfting i møte.

### **Kommunestyret - 44/2014**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland – revidering juni 2014 blir godkjent slik dei ligg ved denne saka.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nina Randal	FA - F08	14/2463

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
26/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014

## Oppstart Frivilligmelding

### Vedlegg:

Plattform

Referat styremøte i Meland Frivilligsentral (11568)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Styret i Meland Frivilligsentral hadde oppe sak om Frivilligmelding i Meland på styremøte mandag 5.mai 2014. Dei gjorde følgjande vedtak:

Sak 12/14

Styret i Frivilligsentralen rår til at Utval for levekår iverkset oppstart av Frivilligmelding i Meland, og at kommunestyret kan behandla meldinga innan eit år.

Vedtaket blir send til Fellesrådet for uttale.

Merknad til sak 12/14 Frivilligmelding:

Etter samråd med styreleiar blir vedtaket i sak 12/14 sendt til Fellesrådet og Meland Idrettsråd for uttale.

#### Vurdering

Dei siste åra er det sett større fokus på det offentlege sitt forhold til frivilligheita. Organiserte og uorganiserte frivillige blir sett på som viktige bidragsytarar på fleire samfunnsfelt og kommunens samhandling med frivillig sektor blir stadig meir aktuelt.

Jmf. St.meld. nr. 39 (2006-2007) Frivillighet for alle og « Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor» Frivillighet Norge og KS.

I avtalen mellom Frivillighet Norge og KS er det sett fokus på ønske om betre samhandling mellom sektorane for å tilrettelegge for den ressursen dei frivillige utgjer – og for å styrke relasjonen mellom den offentlege og frivillige sektoren i Norge.

Ei Frivilligmelding i Meland må ha dette som grunnlag i arbeidet med meldinga.

Det vil vera hensiktsmessig å setja ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med meldinga. Frivilligsentralen i samarbeid med kultureininga vil i september kalle inn alle lag og organisasjonar i Meland til eit frivilligforum. Blant sakene i forumet er etablering av eit Kulturråd i Meland. Eit Kulturråd vil omfatte organisasjonar som ikkje kjem inn under Idrettsrådet.

Kultureininga er i gong med prosessen å etablere eit Ungdomsråd. Ungdomsrådet startar opp til hausten. Saman med Fellesrådet, Meland Idrettsråd og eit Kulturråd presenterer desse råda alle aspekt innan frivilligheita. Desse råda bør difor vera presentert i ei arbeidsgruppe.

### **Konklusjon**

Ei frivilligmelding vil synleggjera frivilligheita og kva som fins av mangfald av aktivitetar innafor dei fleste samfunnssektorane i Meland. Økt kunnskap og fokus på frivilligheit kan syna samarbeidsformer som eksisterar i dag og leggja grunnlag for nye samarbeidsformer mellom frivilligheita og det offentlege. Meldinga kan gjera det tydeleg kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen og korleis dette samarbeidet kan utviklast. Arbeidsgruppa sitt mandat kan såleis vere: Oversikt over lag og organisasjonar i Meland.

Kartlegge arbeidet frivillige lag, organisasjonar og enkeltpersonar legg ned i dei ulike samfunnssektorane.

Nye arenaer for frivillig innsats.

Trekke opp liner for korleis kommunen kan styrke arbeidet med å auke frivilligheita.

Tydeliggjere kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen og korleis dette samarbeidet kan utviklast.

Ei arbeidsgruppe bestående av ein representant frå kvart av dei følgjane råd og utval vert peika ut:

1 representant frå Fellesrådet

1 representant frå Idrettsrådet

1 representant frå Ungdomsrådet

1 representant frå Kulturrådet

Dagleg leiar Meland Frivilligsentral sekretær for gruppa

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår iverkset oppstart av Frivilligmelding i Meland. Arbeidsgruppa og mandat blir som skissert under konklusjon. Gruppa sender løypemeldingar til Utval for Levekår undervegs i prosessen. Frivilligmeldinga vert handsama i kommunestyret innan september 2015.

### **Utval for levekår - 26/2014**

#### **ULK - behandling:**

#### **Endringsframlegg i møtet frå Kåre Skibenes (Krf):**

Utval for levekår iverkset oppstart av Frivilligmelding i Meland. Arbeidsgruppa og mandat blir som skissert under konklusjon. Utval for levekår er styringsgruppe og får løypemeldingar undervegs i prosessen. Frivilligmeldinga vert handsama i kommunestyret innan september 2015.

**ULK - vedtak:**

Utval for levkår iverkset oppstart av Frivilligmelding i Meland. Arbeidsgruppa og mandat blir som skissert under konklusjon. Utval for levkår er styringsgruppe og får løypemeldingar undervegs i prosessen. Frivilligmeldinga vert handsama i kommunestyret innan september 2015.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C50, TI - &30	14/653

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
27/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014

## Oppstart kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021

### Vedlegg:

Søknad om tilskot til kulturminneplan for Meland kommune

Styrka kommunal kulturminnekompetanse - tinging av arbeid i Hordaland

Registrering og lagring av data i forbindelse med kommunal registreringer\_vedlegg\_2014

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturminneplan for Meland kommune er festa i kommunen sitt planprogram, og er eit satsingsområde for tenesteområde kultur. Tenesteområdet søkte våren 2014 Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune om høvesvis kr 100 000 frå kvar, og har fått tilsegn på kr 100 000 frå Riksantikvaren til registrering av kulturminne og utarbeiding av kulturminneplan. Bakgrunnen for støtteordningane er mellom anna Riksantikvaren sitt kunnskapsløft for kommunane. Svar frå Hordaland fylkeskommune er venta i juni 2014. Tenesteområde kultur planlegg å starte arbeidet med planen hausten 2014, med ferdig godkjent plan i 2016. Kulturkonsulent Eirik Bouwer Utne har deltatt på fleire seminar i forkant av oppstart:

Seminar i Kristiansand om kulturminneplanar i kommunane i regi av Riksantikvaren.

Seminar i Oslo om auking og nyttiggjering av kulturvernkompetanse i kommunane og kommunal organisering av kulturvernarbeidet i regi av Riksantikvaren.

Seminar i Austevoll om kystkulturarven i kulturvernarbeidet i regi av Fortidsminneforeningen.

#### Vurdering

##### Kvifor kulturminneplan i Meland kommune

Meland kommune har som kjent svært høg folkevekst, med mange unge innbyggjarar der nær 30% er under 18 år. Folkevekst skapar utfordringar på mange plan. Med tanke på identitet og stadkjensle står kommunen med den eine foten i den tradisjonsrike kystkulturen og den andre i det moderne forstadslivet. Meland kommune er ein presskommune i høve til arealendringar. For å sikre attraktive og gode identitetsfremjande leve- og bumiljø, er grønstruktur, friområde og kulturmiljø og -landskap ein viktig del av arealstrategiane i kommunen. Ein kulturminneplan vil vere med å sikre at det blir tatt betre omsyn til kulturminnevernet ved arealplanlegging og byggetiltak, og vil lette samordninga og føreseielegheta etatane i mellom.

Det er eit stort behov for kulturminneplan i Meland. Mykje av den kommande utbygginga vil skje i utmark, og vi vil i arbeidet ha eit fokus på det kulturhistoriske utmarkslandskapet og tilhøyrande kulturminne. Tidlegare og noverande innmark er under gradvis press frå utbygging. Det er få

omfattande registreringar og utgravingar i kommunen. Unntaka er mellom anna nokre eldre registreringar, utgravingane i samband med Nordhordlandsbrua og Meland golf- og naturpark, samt nokre fylkeskommunale registreringar. Sefrak-registeret er modent for ein gjennomgang og oppdatering.

Kommunen er i slutføringa av arbeidet med å rullere kommuneplan 2013–2025. I vedtatt samfunnsdel står følgjande:

#### Verdiar:

Livskvalitet i Meland  
Berekraft i Meland  
Næring i vekst  
Aktiv i Meland

#### Målsetjingar:

Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet  
Vi skal ha ei berekraftig utvikling  
Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunen i Hordaland  
Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

#### Delmål:

Det skal lagast ein kulturminnevernplan for kommunen  
Verdfullt kulturlandskap skal sikrast gjennom omsynssone

#### Måla med kulturminneplanen er:

Planen skal gjere eit utval av kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast og takast vare på for ettertida.

Planen skal vere eit reiskap for sakshandsamarar i kommunen innan arealplanlegging, byggesak og kultur, og for lokalt kulturminnevern.

Planen skal ta for seg strategiar på korleis ein skal bruke og ta vare på kulturminne i samband med reiseliv, friluftsliv, kulturliv og andre næringsverksemdar.

Planen skal identifisere og registrere verneverdige kulturhistoriske interesser og nyare tids kulturminne, både materielle og immaterielle, med eit sterkt lokalt fokus.

#### Arbeidsopplegg

Vi vil gjere registreringar av nyare tids kulturminne og kulturmiljø. Vi vil gjennomgå eksisterande registreringar og vidareføre dei som er undervegs. Vi vil utarbeide strategiar for kjente automatisk freda kulturminne og nye registreringar av kulturminne som blir omfatta av kulturminneloven. Vi vil ha særleg fokus på dei kulturminna og miljøa som har ein lokalhistorisk betydning samtidig som vi ser dei regionale og nasjonale verdiane. Vi vil invitere innbyggjarane og frivillige til å bidra og forankra kulturminna sin posisjon i lokalsamfunnet, mellom anna gjennom dialog- og samtalemøte om kulturminne. Alle kulturminne og –miljø ligg lokalt i ein kommune, og det er innbyggjarane sjølv som

skal og må få innverknad på kulturvernarbeidet i deira nærmiljø. Vi skal sjå på dei vanlege og utbrukte kulturminna som like verdfulle som dei uvanlege og pent brukte kulturminna. Vi vil søkje ein geografisk og kulturhistorisk breidd. Planarbeidet skal ha særleg fokus på å identifisere samanhengar i det historiske landskapet, noko som er svært viktig for å få til eit godt lokalt forankra kulturminnevern. Både kulturminne knytt til livet langs kysten og innlandet vil vere i sentrum, samt samspelet mellom desse to sonene på Holsnøy. Vi vil ta med den immaterielle og biologiske kulturarv i planarbeidet, mellom anna etnografiske opptak, bilde, musikk og folkekultur, matkultur og kulturplantar. Vi vil vidareføre registreringa og katalogiseringa av gjenstandsmateriale, og utarbeide strategiar for korleis ein best kan ta i vare på desse. Det vil bli arrangert kurs for frivillige registrantar i mellom anna landskapsanalyse og registreringsmetode, og vi vil fokusere sterkt på kompetanseauking og moderne og oppdatert metodebruk.

Planen vil bli utforma av tenesteområde kultur og bli ført i pennen av kulturkonsulent Eirik Bouwer Utne, som har bakgrunn som arkeolog. Støttespelarar er Museumssenteret i Nordhordland, Hordaland fylkeskommune, Meland sogelag, frivillige og andre. Utval for levekår vil vere politisk styringsgruppe for planen, og vil bli orientert om framdrifta. Planen er meint til å vere ein temaplan og skal vere klar til godkjenning i 2016, med planperiode 2016–2021. Planen vil legge eit solid grunnlag for eit kulturvernarbeid og planverk med lang tidshorisont, der dei hyppige rulleringane i hovudsak vil vere i form av mindre oppdateringar og justeringar av kulturvernstrategien og planverket i samband med den raske utviklinga i kommunen.

### **Konklusjon**

Meland kommune har eit stort behov for kulturminneplan og har fått eksterne midlar til dette arbeidet, noko som var føresetnaden for å setje i gang. Kulturminneplanen er festa i kommunen sitt planprogram.

### **Framlegg til vedtak:**

Oppstart av kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021 blir godkjent.

### **Utval for levekår - 27/2014**

#### **ULK - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg i møtet frå Kåre Skibenes (Krf):**

Utval for levekår er styringsgruppe og får løypemeldingar undervegs i prosess.

#### **ULK - vedtak:**

Oppstart av kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021 blir godkjent. Utval for levekår er styringsgruppe og får løypemeldingar undervegs i prosess.





# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FE - 130, FA - G00, TI - &30	14/1792

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
28/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014
42/2014	Kommunestyret	PS	18.06.2014

## Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014-2017

### Vedlegg:

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland  
Saksframlegg\_Plan for IK samarbeid HO tenesta

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Med bakgrunn i vedtak i kommunestyra november 2011 er det utarbeidd *Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*. Planen skal bidra til ei felles forståing for framtidige utfordringar og leggja til rette for interkommunalt samarbeid om oppgåveløysinga der dette er tenleg. Gjennom planen vil me styrka det gode fundamentet kommunane i Nordhordland har etablert når det gjeld samarbeid på tvers av kommunegrenser.

Nytt lovverk og sentrale føringar har danna grunnlag for å peika ut fire innsatsområde som det må rettast særleg fokus på dei kommande åra. Planen gir ei kort framstilling av innsatsområda som er definert, med mulige samarbeidstiltak som er tilrådd for interkommunalt samarbeid. Tiltak er konkretisert i eigen handlingsplan.

### Forankring

Gjennom kommunestyret si tilslutting til planen forpliktar den enkelte kommune seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar. Når det kjem til konkrete tiltak må likevel desse forankrast i den enkelte kommune. Dette inneber at kvar kommune kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid på eit seinare tidspunkt sjølv om ein har slutta seg til planen.

### Viktige vedtakspunkt i arbeidet:

Våren 2011 vedtok Regionrådet å starta arbeidet med ein overordna plan for interkommunalt samarbeid om helse- og omsorgstenester i Nordhordland. Helseutvalet fekk i oppdrag å leia arbeidet. Kommunestyra i alle samarbeidskommunane handsama sak og slutta seg til planarbeidet november

2011.

Februar 2012 fekk Helseutvalet førelagt utkast til plan. Framlegg til plan vart forkasta, og Helseutvalet vedtok at planen skulle arbeidast vidare med på rådgjevar/kommunalsjef nivå for ny gjennomgang og vurdering. Arbeidsgruppe samansett av kommunalsjefar og rådgjevarar innan helse- og omsorg fekk i oppdrag å konkretisera og komprimera innhaldet i planen. Revidert utkast av Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland er drøfta i Rådmannsutvalet og godkjent av Helseutvalet. Planen har vore i kommunane på administrativ og fagleg høyring, og innspel er implementert i planen.

Mars 2014 - Regionrådet har sluttar seg til innhald og føringar i framlegg til «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og at planen vert lagt fram for politisk handsaming i kommunane.

### Vurderingsgrunnlag

Det er utarbeidd eit vurderingsgrunnlag som del av planprosessen. Dette er eit vedlegg til planen som gir meir utfyllande opplysningar og vurderingar innan dei ulike innsatsområda. Innanfor området Folkehelse er det gjort eit særskild vurderingsarbeid. Rapport frå dette arbeidet er også å sjå som vedlegg til planen.

Vurderingsgrunnlaget er å finna på [www.saman.no/nordhordland](http://www.saman.no/nordhordland)

### Handlingsplan

Det skal utarbeidast ein handlingsplan som er basert på og delt inn etter dei fire innsatsområda som er omtala i planen. Handlingsplanen skal godkjennast av rådmannsutvalet, og rullering og evaluering skjer årlig i regi av Nordhordland Utviklingselskap IKS.

Dersom handlingsplanen inneheld tiltak av prinsipiell og/eller økonomisk betyding skal det fortløpande vurderast om det er behov for politisk behandling i kommunane før i verksetjing.

### **Vurdering**

Det er viktig å merka seg prinsipp for interkommunalt samarbeid jamfør punkt 1 s. 3. Dette gjev at gjeldande plan, samt komande handlingsdel, må tilpassast til Meland kommune sine egne mål og strategiar jamfør kommuneplan og aktuelle temaplanar. Dei primære føringane og ressursbruk innan interkommunalt samarbeid skal slik ta utgangspunkt i kommunen sine egne tenestebehov.

Folkehelse – ingen merknad då folkehelse eir eit av fleire satsingsområde i gjeldande plan.

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad då økonomi særskilt vert vurdert med grunnlag i handlingsdel kombinert med kommunale planar og ressursprioritering.

### **Konklusjon**

Rådmann rår til at kommunestyret sluttar seg til *Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og*

**Framlegg til vedtak:**

Meland kommunestyret godkjenner følgjande for planperiode 2014 - 2017:

1. Meland kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
2. Meland kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen.
3. Meland kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
4. Meland kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein sluttar seg til planen.

**Utval for levekår - 28/2014**

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**

Meland kommunestyret godkjenner følgjande for planperiode 2014 - 2017:

1. Meland kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
2. Meland kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen.
3. Meland kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
4. Meland kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein sluttar seg til planen.

**Kommunestyret - 42/2014**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

Meland kommunestyret godkjenner følgjande for planperiode 2014 - 2017:

1. Meland kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
2. Meland kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen.
3. Meland kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i

handlingsplan.

4. Meland kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein sluttar seg til planen.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bente Bing Kleiva	FA - A30, TI - &13	14/1583

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
29/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014
45/2014	Kommunestyret	PS	18.06.2014

## Høyring om ny rammeplan for kulturskolen

### Vedlegg:

Rammeplan for kulturskolen - Høring

### Saksopplysningar:

**Bakgrunn:** Rammeplanen for kulturskolen *På vei til mangfold* er frå 2003 og er utarbeidd aaav Norsk Kulturskuleråd. Denne er ei anbefaling til alle kulturskular, men har ikkje vor bindande. Denne nye planen som no er til høyring kallast *Mangfold og fordypning* og har høyringsfrist 20.juni 2014.05.23

### Vurdering

Vi ønskjer rammeplanen med sitt fokus på kvalitet i kulturskolen velkomen. Kvalitetssikring av undervisning og organisering er viktig for kulturskolen og innbyggerane som nyttar seg av kulturskuletilboda.

I planen er det no sett høgare krav til formell kompetanse enn tidlegare:

*Høyere kunstfaglig utdanning på minimum 240 studiepoeng inkludert godkjent pedagogisk utdanning tilsvarende krav som til grunnskolen*

*Faglærerutdanning for undervisning i kunstfag og godkjent pedagogisk utdanning tilsvarende krav som til grunnskolen*

Vi er redd krava til lærarane sin formelle kompetanse i rammeplanen ikkje er realistisk for kulturskular utanfor dei største byane og vil gjere at me må legge ned fleire tilbod.

Andre punkt i rammeplanen som må kommenterast er:

### **Innføring av de tre programmene er det viktige grepet for å betre kvaliteten på kulturskole tilbudet lokalt:**

Dette er langt på veg den organisering Meland kulturskule har av tilboda sine, sjølv om vi ikkje nyttar desse omgrepa. Vi har eit tilbod om tverrfagleg grunnkurs i grupper for 1. og 2. klassingar og vi har tradisjonell kulturskulekjerneverksemd med tilbod innan visuell kunst, dans, teater og musikkinstrument/song. Vi har og tilbod om særskild fordjupning gjennom regionale avtalar for

særskilt interesserte og motiverte elevar, men dette er tilbod som ikkje har vore nytta.

Vi er kritisk til at rammeplanen legg opp til at «grunnprogrammet» skal femne om elevar i alderen 0 – 19 år, då me meiner dette er tilbod eigna for yngre elevar, og at det i denne kulturskuleundervisninga er ikkje nemnd foreldremøte/utviklingssamtale. Vi er og kritisk til formuleringa *Åpen tilgang for alle elever som ønsker det* då Meland kulturskule ikkje har økonomiske rammer til å gje eit tilbod til alle, og dei som får eit tilbod må betale ein eigendel.

### **Innføring av de tre programmene lar seg løse innenfor eksisterende økonomiske ressurser**

Alle endringar krev tid og tid er i ein kommunal kulturskule det same som økonomiske ressursar. Slik ståa er i Meland kommune og fleire andre kommunar vil dette krevje ekstra ressursar.

### **Kulturskolens formål:**

*Alle elever i kulturskolen skal få undervisning som er tilpasset deres interesse og*

*forutsetninger.* - i mindre kommunar er det ikkje mogeleg å gje tilbod på alle instrument eller andre kulturtilbod grunna økonomiske omsyn og tilgong på lærekrefter. Vi meiner difor det er uheldig å bruke omgrepet **skal**.

### **Kulturskolens plass i den lokale grunnmur:**

Meland kommune har ikkje økonomiske rammer til å tilby eit kulturskuletilbod til alle som ønskjer det og dei som får eit tilbod må betale for dette – noko som gjer at kulturskuletilbodet ikkje er tilgjengeleg for alle. Me meiner det difor er uheldig å nytte denne formuleringa i rammeplanen:

*I Kulturutredningen 2014 (s. 257) skisseres fire ulike forventninger til kulturskolen. Den skal ivareta et dannelsesmål, **den skal være tilgjengelig for alle som ønsker det**, den skal bidra til at barn med særlig evner og interesser får utvikle sitt potensial, og den skal fungere som et ressurscenter i det lokale skole- og kulturlivet*

Folkehelse: Kulturskolen gjev den einskilde tilbod om personleg utvikling og bidreg slik til positiv livsutfalding.

Miljø: påverkar ikkje miljøet negativt

Økonomi: med ein slik rammeplan vil det vere naudsynt å oppgradere kulturskolen, dette vil få økonomiske konsekvensar

### **Konklusjon:**

Rammeplanen slik den ligg føre er eit viktig og godt tiltak for vidare utvikling av kulturskuletilbodet til kommunane. Det er viktig å ta med i det vidare arbeidet at det er store skilnader på kommunane, både når det gjeld økonomi og tilgang på lærarkrefter. Dette bør planen ta høgde for.

### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommune meiner ny rammeplan for kulturskolen er ein framtidsretta og god plan, men vil

peike på at ulikskapen mellom kommunane på takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.

#### **Utval for levekår - 29/2014**

##### **ULK - behandling:**

##### **Tilleggsframlegg i møte frå Kåre Skibenes (Krf):**

Rammeplanen slik den ligg føre er eit viktig og godt tiltak for vidare utvikling av kulturskuletilbodet til kommunane. Det er viktig å ta med i det vidare arbeidet at det er store skilnader på kommunane, både når det gjeld økonomi og tilgang på lærarkrefter. Dette bør planen ta høgde for. Meland kommune vurderer at ny rammeplan for kulturskulen er ein framtidsretta og god plan, men vil peike på at ulikskapen mellom kommunane må takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.

##### **ULK - vedtak:**

Rammeplanen slik den ligg føre er eit viktig og godt tiltak for vidare utvikling av kulturskuletilbodet til kommunane. Det er viktig å ta med i det vidare arbeidet at det er store skilnader på kommunane, både når det gjeld økonomi og tilgang på lærarkrefter. Dette bør planen ta høgde for. Meland kommune vurderer at ny rammeplan for kulturskulen er ein framtidsretta og god plan, men vil peike på at ulikskapen mellom kommunane må takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.

#### **Kommunestyret - 45/2014**

##### **KS - behandling:**

##### **KS - vedtak:**

Meland kommune meiner ny rammeplan for kulturskulen er ein framtidsretta og god plan, men vil peike på at ulikskapen mellom kommunane på takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C00, FE - 223	14/836

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
30/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014
35/2014	Utval for levekår	PS	16.09.2014

## Kulturmidlar 2014

### Vedlegg:

Innstilling av kommunale midler til drift og vedlikehold av idrettsanlegg, 2014

Samlet oversikt søknader 2014 drifttilskot

Innstilling Kulturmidler fra Meland Idrettsråd

Kulturmidler 2014

Innstilling kulturmidlar 2014

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturmidlane blei utlyst den 05.02.2014 i kommunal informasjon i Avisa Nordhordland, med søknadsfrist den 01.03.2014. Utlysinga blei òg publisert på kommunen sine facebook- og heimesider. Informasjon om tilskotsordningane blei sendt til lag og organisasjonar på e-post, og ei eiga informasjons- og instruksjonsside blei oppretta. Det blei i år tatt i bruk eit elektronisk søknadsskjema, etter ei nasjonal løysing utarbeida av Kommuneforlaget. Det er kommen inn 63 søknadar fordelt slik:

Kategori	2014	2013	2012
Barne- og ungdomsarbeid	9	6	5
Ungdomslag	4	6	7
Andre lag	16	10	14
Song og musikk	10	6	9
Idrett og friluftsliv	11	7	7
Ekstratiltak barn og unge	3	2	3
Kulturminne/bygningsvern	2	2	3
Forsamlingshus	8	3	3
<b>Total</b>	<b>63</b>	<b>42</b>	<b>51</b>

Ungdomsrådet i Meland har ikkje vore aktivt i første halvdel av 2014. Fordelinga til barne- og ungdomsarbeid har blitt gjort utan deira rådføring.

Meland idrettsråd har levert innstilling til fordeling av kr 120 000 i kulturmidlar til 8 idrettslag. Innstillinga er grunna i idrettslaga sine medlemstal for barn og unge.

Meland idrettsråd har òg levert innstilling til fordeling av kr 220 000 til drift av idrettsanlegg. Innstillinga er grunna i dei direkte utgiftene knytt til anlegga, som for eksempel straum, leige og utgifter til vedlikehald.

### **Vurdering**

I 2014 er det til fordeling kr 857 900. I vurderinga av søknadene er det lagt vekt på faste tiltak som blir drivne heile året. Barn- og ungdom har høgaste prioritet. Medlemstal i ulike aldersgrupper og laga sin økonomi har vore viktig i vurderinga.

Administrasjonen oppmodar søkjarar til å ta nytte av andre søknadsordningar i samband med dei kommunale kulturmidlane, og kan vere til hjelp i dette.

### **Generelle føresegn for tildeling av kulturmidlar**

I samsvar med retningsliner for tildeling av kulturmidlar gruppe 2 – allmenne kulturmidlar/andre tilskot – skal alle lag som får tildelt kulturmidlar gi gratis tilgang for følgjepersonell til sine aktivitetar for personar med følgjepersonbevis, jamfør kommunestyresak 030/03 i møte 11.06.03

Innsendt/ettersendt årsmelding/rekneskap eller utfylling av rekneskap i søknadsskjema er minimumskrav til dokumentasjon for å kvalifisere for tilskot.

Meland kommune oppmodar alle lag og organisasjonar til å inkludere fleire personar med nedsett funksjonsevne og med minoritetsspråkleg bakgrunn i sine aktivitetar.

Søknadsfrist for kulturmidlar 2015 er 1. mars.

### **Kategoriar, søknadssum og sum til fordeling**

#### **Ansvar 500 – Administrasjon og diverse – teneste 3850**

<b>Kategori</b>	<b>Søknadssum 2014</b>	<b>Til fordeling 2014</b>
Tilskot til andre lag	205 490	88 500
Tilskot til forsamlingshus	279 000	97 500
<b>Total</b>	<b>484 490</b>	<b>186 000</b>

#### **Ansvar 501 – Kulturminne – teneste 3650**

<b>Kategori</b>	<b>Søknadssum 2014</b>	<b>Til fordeling 2014</b>
Tilskot til kulturminnevern	90 000	40 000
<b>Total</b>	<b>90 000</b>	<b>40 000</b>

#### **Ansvar 503 – Born og unge – teneste 2311**

<b>Kategori</b>	<b>Søknadssum 2014</b>	<b>Til fordeling 2014</b>
Tilskot til barne- og ungdomsarbeid	65 500	32 500
Tilskot til ungdomslag	65 000	55 000
Ekstratiltak barn/unge	36 540	31 000
<b>Total</b>	<b>167 040</b>	<b>118 500</b>

#### **Ansvar 504 – Kulturuttrykk og –aktivitetar – teneste 3700/3851**

<b>Kategori</b>	<b>Søknadssum 2014</b>	<b>Til fordeling 2014</b>
Tilskot til song og musikk	223 640	96 500
<b>Total</b>	<b>223 640</b>	<b>96 500</b>

<b>Total 2014 – utan idrettstildelingane</b>	<b>Søknadssum 2014</b>	<b>Til fordeling 2014</b>
	<b>965 170</b>	<b>441 000</b>

#### **Ansvar 502 – Idrett og friluft – teneste 3800**

<b>Kategori</b>	<b>Søknadssum 2014</b>	<b>Til fordeling 2014</b>
Tilskot til idrett	Frå idrettsrådet	120 000
Tilskot til drift av idrettsanlegg	Frå idrettsrådet	220 000
Tilskot til drift av Fossemyra idrettsanlegg	Eiga driftstilskot	50 000
Tilskot til andre tiltak – idrett og friluft	17 021	16 900
<b>Total</b>		<b>406 900</b>

<b>Til fordeling 2014</b>	<b>847 900</b>
Til fordeling 2013	709 400
Til fordeling 2012	599 000

#### **Konklusjon**

Innstillinga til fordeling av kulturmidlar for Meland kommune 2014 ligg føre slik det går fram av vurderinga og vedlagt innstilling.

#### **Framlegg til vedtak:**

Innstillinga til kulturmidlar blir godkjent slik den ligg ved saka

#### **Utval for levekår - 30/2014**

#### **ULK - behandling:**

#### **Endringsframlegg i møtet frå Kåre Skibenes (Krf):**

1. Utval for levekår godkjenner innstillinga til kulturmidlar slik den ligg i saka.
2. Utvalet utset avgjerd vedkomande ansvar 501 kulturminne, teneste 3650. Det vert synfaring i møte i september.

#### **ULK - vedtak:**

1. Utval for levekår godkjenner innstillinga til kulturmidlar slik den ligg i saka.
2. Utvalet utset avgjerd vedkomande ansvar 501 kulturminne, teneste 3650. Det vert synfaring i møte i september.

#### **Utval for levekår - 35/2014**

##### **ULK - behandling:**

Magne Rifsgård (Sp) melder seg inhabil.

##### **ULK - vedtak:**

Innstillinga til kulturmidlar blir godkjent slik den ligg ved saka.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	14/1896

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
31/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014

## Aktuelle saker

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Utval for levekår - 31/2014

#### ULK - behandling:

1. Elna Bjørndal (H): Ønskjer orientering om framdrift vedlikehald leikeklass ved Sagstad skule.
2. Morten Sakstad (SAM): Ønskjer orientering om framdrift/status tilgang for rullestolbrukarar til ny restaurant i Frekhaug senter.

#### ULK - vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.